



Gjennom Storsundet 21. juni: "Statsraad Lehmkuhl" (Foto: Knut A. Myklebust)

Storsundet er ei flott seglingsrute og stadig fleire skip kjem til å velgja han, trur "cruisegeneral" Jostein Nerhus i Rosendal.



Gjennom Storsundet 3. juni: "Grand Voyager" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han opplyser til uskedalen.no at det truleg vil ha vore 15 cruiseanløp i Rosendal når sesongen er til endes. I fjor var talet berre sju medan dei var heilt oppe i 36 i "glansåra".

- Har djupvasskaia i Eidfjord hatt ein negativ innverknad for Rosendal?

- Nei, det trur eg ikkje. Eg trur det vil bli stadig fleire anløp i Rosendal i åra framover fordi det vil bli meir vanleg å plukka opp turistane her etter ein rundtur i distriktet. Men her er det eit viktig poeng at dei får meir å ta seg til på staden.



Gjennom Storsundet 17. juni: "Black Prince" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og når det gjeld vegen vidare har eg altså tru på at stadig fleire vil velgja Storsundet. Det er eit flott parti forbi Uskedalen og Skorpelandet, der kjem ein tett på naturen samanlikna med å gå gjennom "hovudfjorden", seier Nerhus.

Rosendal hadde første cruiseskipvitjinga 11. mai dette året og dei neste var 17. og 21. mai. Anløp nummer fire kom 3. juni. Det var den italienske "Grand Voyager" med 450 passasjerar og han kjem att tysdag 24. juni.

17. juni var ein gamal kjenning på tur innover gjennom Storsundet – Fred Olsens "Black Prince" og 21. juni (laurdag) kunne uskedalingane beundra sjølvaste "Statsraad Lehmkuhl" på tur utover. Ingen av desse to hadde stopp i Rosendal, opplyser Jostein Nerhus.

Av Ola Matti Mathisen